

## Eigenkontroll av branntryggleiken i bustaden

Som eigar av bustaden er du ansvarleg for branntryggleiken. Ved jamlege eigenkontrollar kan du gjere mykje for å redusere brannrisikoen. Her er eit enkelt skjema for eigenkontroll:

<b>Dette må du sjekke i bustaden</b>	OK	Ikkje OK	Ikkje aktuelt
<b>1. Varsling</b>			
Det skal vere minst éin fungerande røykvarslar i kvar etasje (påbode) eller brannalarmanlegg			
Røykvarslaren skal vere montert på høgste punkt midt i taket, minimum 50 cm. frå veggen			
Bytt batteri i røykvarslaren minst ein gong i året			
Test røykvarslaren med røyk og ved å bruke testknappen			
Kan du nødnummeret til brannvesenet?			
<b>2. Sløkkeutstyr</b>			
Har du husbrannslange og/eller brannsløkkeapparat (påbode)			
Sjekk at nåla i trykkmålar på brannsløkkeapparatet peikar på det grønne feltet			
Har du husbrannslange, sjekk at den er tilkobla og fungerer			
<b>3. Elektrisk</b>			
Skjøteledning, støpsel og kontaktar skal vere utan synlege skadar eller svimerker			
Ingen lause lamper på barnerom			
<b>4. Eldstad og skorstein</b>			
Ingen synlege skadar eller feil på eldstad, skorstein og brannmur			
<b>5. Rømmingsforhold</b>			
Har bustaden tilfredsstillande rømmingsmoglegheiter (i alle etasjar)			
Har du gjennomført brannøving i bustaden?			
<b>6. Komfyrvakt</b>			
Har du montert komfyrvakt?			